



VESTNES KOMMUNE

Eining for eigedomsdrift

Møre og Romsdal Fylkeskommune
v/fylkestannlegen
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
07.01.2016		277/2016	2012/1523	Øystein Hole 71 18 40 63

Vedr. installering av nye tannlegestolar ved tannlegekontoret på Vestnes Aktivitetssenter

Vi viser til dei siste vekers kontakt mellom drifts- og vedlikehaldsansvarleg hos oss og tannlegekontoret på Vestnes.

Slik vi har forstått det har det allereie blitt kjøpt inn to nye tannlegestolar for dei to behandlingsromma lengst nord i lokala. Ved installering av desse stolane utan ei ombyggingskasse mellom sjølve stolen og golvflata, vil dette medføre store bygningsmessige inngrep. Blant anna må det takast hol i betongdekket, noko som medfører mykje arbeid og ulempe med betongstøv. Ein av stolane er plassert rett over kjøkkenet til ei leilegheit i etasjen under, og av omsyn til bebuaren må han eventuelt tilbys erstatningsbustad i den tida arbeidet pågår, ei ulempe vi av praktiske årsaker ikkje ønskjer.

Vi oppmodar derfor på det sterkaste om at de finn ei løysing som inneber at eksisterande gjennomføringskanalar i betongdekket kan nyttast for dei nye stolane. Forøvrig tillet vi oss å nemne at de med fordel kan kontakte oss på førehand ved andre installasjonar som kan medføre inngrep i den faste bygningsmassen eller i dei faste tekniske installasjonane.

Alle kostnader og evt. følgjekostnader som måtte påløpe i samband med installeringa av dei nye stolane må dekkast av leigetakar, jfr. kontraktens pkt. 10, 11 og 13.

Med helsing

Øystein Hole
bustad- og eigedomskonsulent

Kopi: Tannlegekontoret på Vestnes v/Elin Holmeset

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no